


**Rettleiande normalreglement om folkevalde sin innsynsrett  
2015-2019**

-del av reglement for Fyresdal kommunestyre

Kommuneloven § 40 nr. 5 fastset at alle kommunar og fylkeskommunar skal gjere vedtak om eit reglement om folkevalde sin innsynsrett.



Vedteke i kommunestyret 26.11.15

- 1. Kommunestyret og andre folkevalde organ sin innsynsrett i saksdokument**
  - 1.1. Kommunestyret har som overordna organ for all verksemd i kommunen rett til innsyn i alle kommunale saksdokument, med dei presiseringar som fylgjer av reglane nedanfor.
  - 1.2. Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ har innsynsrett i saksdokument når desse gjeld delane av kommunane si verksemd som organet behandlar. I tillegg kan desse organa krevje innsyn i dokument som ligg innafor andre delar av den kommunale verksemda, når dette er naudsynt ved konkret behandling av ei sak i organet.
- 2. Vedtak om innsyn**
  - 2.1. Medlem og varamedlem av folkevald organ har rett til innsyn i dokumenta i saker som skal behandlast i organet.
  - 2.2. Faste medlemmar av kommunestyret har rett til innsyn i alle kommunale saksdokument når tidspunktet for innsyn ligg føre, jamfør punkt 3. Ordføraren har sjølvstendig rett til innsyn i alle saksdokument på tilsvarande grunnlag.
  - 2.3. Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ kan vedta innsyn for sin eigen bruk i andre organ sine dokument når minst 1/3 av medlemene stemmer for det.
- 3. Tidsbruk for rett til innsyn**
  - 3.1. Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagd/sendt til politisk behandling. Saman med saksframstillinga skal det følgje ei oversikt over alle dokumenta som er innsendte, innhenta eller utarbeidde i samband med saka, med unnatak av interne arbeidsdokument for administrasjonen.
  - 3.2. For saker som skal avgjerast i administrasjonen gjeld retten til innsyn fyrst når saka er ferdig behandla.
- 4. Særskilde reglar for innsyn i opplysningar undergjevne av teieplikt m.m.**
  - 4.1. Folkevalde har teieplikt i høve til dokument som er underlagt teieplikt etter lov. Om ei sak blir behandla for stengde dører etter kommunelova §31, pliktar dei folkevalde å teie om dei opplysningane som er underlagt teieplikt etter lov. Medlemer av folkevalde organ underskriv ei erklæring om teieplikt når dei får innsyn i opplysningar som etter lov er undergjevne teieplikt om dei ikkje har gjort dette tidlegare.
- 5. Framgangsmåte ved krav om innsyn – tilhøve til administrasjonen**
  - 5.1. Førespurnad om innsyn skal behandlast straks. Slike spørsmål til administrasjonen skal gå tenesteveg. Dette tyder at førespurnad om innsyn skal rettast til rådmannen eller vedkomande som i rådmannen sin stad er ansvarlege for organet.
  - 5.2. Spørsmål til administrasjonen om saker som er under behandling, bør det svarast på ved at det blir gjeve ei kort orientering om måten saka blir behandla på, tidsplan og liknande.